



ODDVAR FLATEBØ MASKINUTLEIE AS
Bergsvegen 6
5590 ETNE

Vår dato:

20.03.2024

Vår ref:

2024/2387

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Vedtak om løyve - mottak av brukta asfalt - Oddvar Flatebø Maskinutleie

Vi viser til søknad datert 8.2.2024.

Vedtak

Statsforvaltaren gir løyve etter forureiningslova til Flatebø Maskinutleie AS (org.nr. 984 522 444) for mottak og behandling av brukta asfalt. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer med som vedlegg.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå i dag.

Vi viser til varsel om gebyr til staten datert 15.3.2024 for vår behandling av søknaden. Flatebø Maskinutleie AS skal betale eit gebyr på 19 500 kroner, jf. sats 7 i forureiningsforskrifta § 39-4. Miljødirektoratet vil krevje inn gebyret på vegner av staten.

Bakgrunn for saka

Flatebø Maskinutleie AS har søkt om løyve til mottak av brukta asfalt. Brukt asfalt er definert som næringsavfall og bør gjenbrukast så langt råd. Brukt asfalt som ikkje kan nyttast direkte vidare må behandlast i form av knusing, kverning eller liknande for å oppnå eigna kvalitet.

Ferdig behandla asfalt som har gjennomgått kriteria for «gjenvinning» som omtalt i punkt 9.2.1 i vedlagte løyve kan nyttast som del av råstoff til ny asfaltproduksjon, eller til utfylling/dekke i samsvar med førehandsavklart føremål. Sluttbehandling av asfaltmasse i form av deponering/henlegging utan utnyttingsføremål er ikkje tillate.



Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det kan gjevest løyve til forureinande verksemd, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad aktivitetane det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjelder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Grunngjeving for vedtaket

Aktiviteten vil skje på avsett industriområde. Løyve etter forureiningslova regulerer aktivitet som kan føre til miljøulempe/-skade. Til vanleg må motteke, brukt asfalt behandlast for å gjere det mest mogleg eigna for materialgjenvinning. Det har ikkje vore avgjerande for vårt vedtak om verksemda har skrive om kverning/knusing eller ikkje i søknaden. Utsleppstypen som er venta å kunne gje mest merkbar påverknad i nabolaget er støy. Det er ikkje bindande reguleringsvedtekter for støy frå industriområdet, og vi har difor presisert og skjerpa inn tilrådingar til maksimale støygrenser i statleg rettleiar om støyutslepp. Vi har også skjerpa vesentleg inn tid på døgnet behandling av brukt asfalt kan skje – sett i høve til statlege retningsliner for støy. Behandling som særleg kan tenkast å medføre støy eller støving skal i samsvar med løyvet normalt berre skje på dagtid på vekedagar.

Vi reknar ikkje med at behandling og lagring av brukt asfaltmasse vil medføre nemneverdig avrenning. Vi vurderer difor at aktiviteten ikkje vil ha noko nemneverdig å seie for vassmiljøet eller naturmangfaldet utanom avsett industriareal. Merk likevel at flytting/mottak av massar og annan entreprenøraktivitet kan føre med seg uønskte framande, skadeleg artar. Vi har difor kravd at verksemda følgjer med og om nødvendig bidrar til å hindre etablering og mogleg spreiing av slike artar.

Vi vurderer at miljøulempene frå verksemda er akseptabel med tilvising til føremålet og retningslinene i forureiningslova §§ 1 og 2 og naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 7.

Vilkåra i løyvet legg ikkje føringar for lovverk som vert følgd opp av andre styresmakter.

Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

Nedanfor er det gitt forklaringar på vilkår i løyvet som treng ei meir spesifikk grunngjeving.

Om «behandling» og støyskjerm (punkt 1 i løyvet)

Med «behandling» er meint all handtering av motteke asfalt som kan ha noko å seie for kvaliteten på gjenvunne avfall eller verknad på miljøet. Transport til og frå anlegget er ikkje omfatta i utgangspunktet. Vesentleg auke i transportstøy og liknande kan likevel vurderast seinare om nødvendig.



Form, storlek, materialval og høgde på støyskjerm må avklarast med kommunen. Vi vurderer at det er pårekneleg at kverning/knusing av brukta asfalt kan gje støyutslepp over grenseverdi fastsett i løyet. Funksjonell støyskjerm/-voll må difor etablerast før behandling tar til.

Utslepp til vatn (punkt 3 i løyet)

Det er ikkje venta at aktiviteten vil medføre nemneverdige utslepp av vatn. Vi har difor vurdert at det viktigaste tiltaket vil vere å avskjere eventuelt overvatn utanom avsett areal frå å kome i kontakt med lagra asfalt.

Grunnforureining og forureina sediment (punkt 5 i løyet)

Vi ventar ikkje at aktiviteten vil medføre forureining av grunnen. Verksemda må likevel ha kjennskap til regelverket og gjere nødvendige tiltak mot eventuelle uhell/søl. Ved behov for tiltak i grunnen, krav om tiltak eller avslutting av aktiviteten må eventuell påverka masse skiftast ut med reine massar.

Avfall (punkt 9 i løyet)

Motteke brukta asfalt er rekna som næringsavfall. Avfallet skal i samsvar med løyet gjennomgå gjenvinning som omtalt i punkt 9.2.1. Etter gjennomføring av alle tiltak som inngår som del av gjenvinninga vil asfaltmassen opphøyre å vere avfall.

Anna avfall frå verksemda som oppstår på staden må på vanleg måte leverast til anna godkjent avfallsmottak.

Saksgang

Statsforvaltaren behandler søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

Førehandsvarsle og uttalar/fråsegner

Søknaden er førehandsvarsle til partar og andre som saka særleg kan gjelde i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 36-6 og 7. Frist for å gi uttale var 14.3.2024, men utsett nokre dagar for kommunen og eigar av gbnr. 32/186.

Uttalar

Kjetil Pedersen meiner at næringsaktivitet som medfører støy ikkje skal etablerast aust for vegen Tongane. Han krev tiltak mot støy og at aktiviteten vert avgrensa til tidsrommet 0700 – 1600.

Aslaug Mala meiner at all knusing, foredling og lagring av massar skal skje på vestsida av vegen Tongane. Ho meiner det heller ikkje bør verte gitt tidsavgrensa løyve.

Etne kommune viser til at føremålet ikkje er i strid med arealplan. I planføresegnene står at støy frå industriområda ikkje skal vere høgare i bustadområda enn det statlege retningsliner til ei kvar tid fastsett. Kommunen meiner det er ønskeleg med så god støyskjerm som mogleg, og at den kan setjast opp utan ny behandling etter plan- og bygningslova.

Verksemda sine kommentarar

Verksemda er muntleg gjort kjend med merknadene. Dei meiner det er klart at behandling av innkome, brukta asfalt vil vere ein naturleg del av aktiviteten. Det avgjerande for omgjevnadene vil



vere påverknad i form av støy. Verksemda er innstilt på å få bygd ein funksjonell støyvoll. Denne vil også redusere innsyn til aktivitet som kan oppfattast skjemmande.

Klagerett og underretning av vedtaket

Framføring av klage

Søkjar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebrysatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Underretning

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til dei som har gitt uttale. Løyvet vert offentleggjort på vår nettside. Innsyn i løyve etter forureiningslova kan også sjåast på nettstaden www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 løyve Flatebø - asfalt

Kopi til:

Aslaug Olden Mala	Sillaåkeren 12	5590	Etne
Kjetil Pedersen	Stadionvegen 27	5590	Etne
ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE



Løyve til verksemd etter forureiningslova Oddvar Flatebø maskinutleie AS, Tongane i Etne

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknaden og under saksbehandlinga.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftstilhøva som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, må verksemda sende ny søknad til Statsforvaltaren.

Nøkkeldata

Verksemd /anlegg	Oddvar Flatebø Maskinutleie AS		
Stad/gateadresse	Bergsvegen 6		
Postadresse	5590 Etne		
Føretaksnr. (verksemd)	984 522 444	Bedriftsnr.	984 534 027
Kommune og fylke	Etne i Vestland		
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32N, aust: 32736024/, nord: 6618465		
Gards- og bruksnummer	32/191		
Kategori for verksemda ¹	Verksemda er ikkje omfatta av krav som følgjer av vedlegg 1 til kap. 36 i forureiningsforskrifta		

¹ Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forurensningsforskriften) kapittel 36 vedlegg 1 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

**Statsforvaltaren sine referansar**

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0263.T	4611.0059.01	24/2387
Løyve gitt første gong:	Dato sist endra:	Dato sist revidert med heimel i fl § 18, 3. ledd:
20.3.2024	-	-

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør
Dokumentet er godkjent elektronisk

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Endringslogg

Dato endring	Endring nr.	Punkt	Omtale
-			

Innholdsliste

1	Rammevilkår	4
2	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdiar	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	4
2.4	Utskifting av utstyr.....	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	4
2.7	Internkontroll	5
3	Utslepp til vatn	5
4	Utslepp til luft	5
5	Grunnforureining	5
5.1	Forureining i grunnen	5
6	Kjemikal	6
7	Støy	6
8	Energi	7
9	Avfall	7
9.1	Generelle krav	7
9.2	Handtering av avfall	7
9.2.1	<i>Mottak av avfall</i>	7
9.2.2	<i>Generelle krav til handtering</i>	8
9.3	Kompetanse	8
9.4	Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall	8
10	Deponi for avfall	8



11	Rapportering til Statsforvaltaren	8
12	Miljøovervaking	9
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	9
14	Undersøkingar og utgreiingar	9
15	Eigarskifte, omdanning mv.	9
16	Nedlegging	9
17	Tilsyn	10



1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av brukta asfalt. Løyvet gjeld for mottak av inntil 2000 tonn brukta asfalt per år. Mengd avfall på området til verksemda skal ikkje på nokon tid overstige 2000 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som er lagra før behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall. Asfaltmasse som ikkje er nytta til gjenvinningsføremål innan 36 månader frå mottak, skal leverast til godkjent avfallsanlegg.

Tillate behandling skal sikre best mogleg kvalitet på gjenvunne asfalt og omfattar mottakskontroll, sortering, kverning, knusing, pigging, lagring og vidarelevering. Behandling av brukta asfalt på området som kan medføre støy over grenseverdi (sjå pkt. 7) kan berre skje etter etablering av funksjonell støyskjerding mot nærmeste nabo i aust.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppa frå verksemda som er venta å ha størst verknad på miljøet, er regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningsar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår auka fare for forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare.



2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll som omfattar det ytre miljøet i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal byggje på ein risikoanalyse³ for påverknader på det ytre miljøet. Både sannsyns- og konsekvensrisiko må vurderast etter fastlagte akseptkriteriar.

Internkontrollen skal haldast oppdatert. Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve.

Verksemda skal kartleggje og om nødvendig gjennomføre tiltak for å hindre spreiing og/eller etablering av framande, skadelege artar, jf. www.artsdatabanken.no. Vurdering av risiko for spreiing av framande skadelege artar skal inngå i internkontrollen.

3 Utslepp til vatn

Verksemda har ikkje punktutslepp til vatn frå produksjonsprosess. Overflatevatn skal så langt råd leiaast via sandfangkummar og leiaast via kommunal utsleppsleidning til til Etnefjorden. Overflatevatn frå naboareal skal ikkje kome i kontakt med lagra asfalt.

Verksemda skal ha oversikt over sine utslepp til vatn i samsvar med risikovurdering i internkontrollen.

4 Utslepp til luft

Verksemda skal ikkje ha utslepp til luft som kan føre til nemneverdig ulempe for nabolog. Verksemda må ved behov gjennomføre tiltak for å sikre at minimalt støvnnedfall kan nå naboeigedom.

5 Grunnforureining

5.1 Forureining i grunnen

Verksemda skal ikkje ha utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulepper for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempa for

² Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

³ jf. NS 5814 «Krav til risikovurderinger»



miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eksisterande forureina grunn på verksemderområdet. Det same gjeld faren for spreiling, og om det er trøng for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Planlagde terrengeingrep i forureina grunn må avklarast med Statsforvaltaren på førehand og anten ha godkjend tiltaksplan frå kommunen etter forureiningsforskrifta kapittel 2, eller ha løyve etter forureiningslova.

6 Kjemikal

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon.

7 Støy

Anlegget skal utformast og verksemda skal driftast slik at det ikkje fører til nemneverdige støyulemper for omgivnadene. Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå⁴ ved mest støyutsette fasade:

Dag (0700 – 1900)	Kveld (1900 – 2300)	Natt (2300 – 0700)	Sun- og heilagdag (0700 – 2300)	Natt (2300 – 0700)
55 dB (A) L _{pAekv12h}	Ikkje ordinær aktivitet	Ikkje ordinær aktivitet	Ikkje ordinær aktivitet	Ikkje aktivitet

Verksemda skal halde alle støygrensene innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er ikkje omfatta av grensene.

Mottak av asfalt kan skje utanom ordinær driftstid dersom fjerning av asfaltdekke må skje kveld/natt/helg av omsyn til forsvarleg trafikkavvikling.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

⁴ Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt uttrykt etter desibel-skalaen (dB) med nemningane "pAekv" og timetal h» og "AFmax". Nemningane er nærmare definert i T-1442/2016 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".



8 Energi

Verksemda skal drivast på mest mogleg energieffektiv måte. Som del av internkontrollen skal det vere eit dokumentert system for vurdering av tiltak som er eller kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv drift.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. Verksemda pliktar å syte for at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, vert utført i samsvar med reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova⁵.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Mottak av avfall

Verksemda sin internkontroll skal mellom anna sikre at mottatt avfall vert forsvarleg handtert. Handteringen skal sikre minst mogleg påverknad av miljøet og at avfallet er førebudd eller eigna for materialgjenvinning.

Verksemda skal ha eit system for eintydig karakterisering av avfallet. Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det om nødvendig gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge samansetjinga av avfallet. Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved anlegget til verksemda , skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve. Dette gjeld mellom anna brukta asfalt som har tjørestoff som del av bindemiddel.

Behandling ved anlegget kan gje resultat at avfallsfasen opphører dersom:

1. avfallet gjennomgår ein gjenvinningsprosess som omtalt i dette løyvet,
2. ferdig behandla produkt skal nyttast til førehandsavgjort føremål,
3. ferdig behandla produkt kan omsetjast lovleg i eit marknad eller er etterspurd av eit lovleg marknad,
4. ferdig behandla produkt innfrir dei teknisk krava som følger av dei aktuelle bruksområda og eventuelle produktkrav og -standardar, og
5. ikkje fører til nemneverdig høgare risiko for helsekade eller miljøforstyrring enn tilsvarande gjenstandar og stoff som elles kunne ha vorte nytta.

⁵ Sjå mellom anna avfallsforskrifta av 1.6.2004 nr. 930



Ved tvil om avfallet har opphøyd å vere avfall kan Statsforvaltaren ved enkeltvedtak avgjerde saka.

Verksemda skal informere alle kundar om verksemda sine akseptkriteriar for mottak, og om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

9.2.2 Generelle krav til handtering

Alt handtering av avfall skal vere forsvarleg og basert på risikovurdering der det må takast omsyn både til sannsyn og miljøkonsekvens for uønskte hendingar. I tillegg gjeld følgjande:

- a. Avfall skal lagrast på overflate som skal hindre forureining av grunn og grunnvatn.
- b. Avfall skal så langt råd lagrast slik at kontakt med nedbør vert minst mogleg.
- c. Avfallet skal sorterast slik at uønskt material for vidare handtering vert skilt ut, og behandla avfall er forberedt for høgast mogleg verdi for materialgjenvinning

Avfall frå verksemda skal berre handterast vidare av aktør med løyve frå eller særskild aksept frå forureiningsstyremakt.

9.3 Kompetanse

Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere miljørisiko for motteke avfall. Verksemda kan ikkje ta imot meir avfall dagleg enn dei har kompetanse og kapasitet til å motta og lagre på forsvarleg måte.

9.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Verksemda skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for mellom anna opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Verksemda skal ha dagleg oversikt over lagra maksimal mengd og typar avfall. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år.

10 Deponi for avfall

Verksemda skal ikkje ha eige deponi for avfall.

11 Rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere til Statsforvaltaren oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare. Eventuelle overutslepp, unormale verdiar eller manglar i førra år sine miljødata må kommenterast særskild.



12 Miljøovervaking

Verksemda skal ha oversikt over utslepp av forureina stoff til miljøet. Ved behov skal verksemda syte for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp i samsvar med eit overvakingsprogram. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

Verksemda skal kartlegge alle potensielle hendingar som kan føre til uønskte eller ulovlege utslepp til vatn eller luft, eller medører unødvendig støy.

Kartlagte hendingar skal inngå i verksemda si miljørisikovurdering. Verksemda skal omtale (lage handlingsplan) og gjennomføre aktuelle tiltak for å redusere eller minke faren for slik hendingar.

Dersom faren for uønskte eller ulovlege utslepp ikkje er fjerna ved dei førebyggjande tiltaka, skal verksemda utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikovurderinga.

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁶. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

Verksemda skal ha kunnskap om innhald og type forureining frå sine aktivitetar.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar eller driftsansvaret vert overført til anna firma, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Dersom anlegget vert nedlagt eller verksemda stansar opp for ein lengre periode, skal den ansvarlege for løyvet gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærmare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige

⁶ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet gjeld vidare inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁷. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemder skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt. Dersom løyvet har vore trekt attende, må verksemda ha nytt løyve før ny drift.

17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

⁷ Avfallsforskrifta kapittel 11 *Farlig avfall*.